



ETNE VIDAREGÅANDE SKULE

HORDALAND FYLKESKOMMUNE

PROGNOSEINNTAK 2016-2017 - KOMMENTARAR

Prognosetala for Etne vidaregåande skule er vesentleg betre samanlikna med fjoråret. Søkjarar med ungdomsrett har auka med 21 elevar. Søkjarar frå RFK (73) syner auke med meir enn 230% ☺ frå siste år.

Søkjartalet til TIP VG1 har auka trass i nedgang i fylket elles.

Søkjartalet til TIP VG2 har auka radikalt – der tendensen i høve søkjarar frå RFK (12) er, at dei søkjar ETV svært bevisst og det vil sikkert bli venteliste.

Til mekaniske fag VG1 og VG2, ser me likevel ikkje, grunna bygningsmessige utfordringar, at det er mogleg å utvide med nye klassar. (I tillegg er me svært merksame på at det er viktig framleis å ha tilstrekkeleg lærlingplassar til kvalifiserte søkjarar i regionen) Det kan likevel vere aktuelt å ta inn fleire elevar både på VG1 og VG 2, men overstiger det 13-14 elevar på VG1 og 13-14 elevar samla på VG2, må skulen vurdere økonomiske konsekvensar i høve deling i fellesfag m.m. Klasserom og verkstad tilseier, at om det er ynskje om det – og skulen får økonomi til det, kan me sjølvstøtt vurdere å ta imot opptil 16 elevar både på VG1 og VG2.

Søkjartalet til Idrettsfag VG1 er eit lite mirakel med 26 eigne søkjarar og 17 frå RFK.

Søkjartal idrettsfag VG2 og VG3 er berekraftig, men her må skulen likevel ta grep i høve disposisjon av ressursar. Idrettsfag har til no vore i etableringsfasen (små grupper – ting tar tid), noko som skulen vil kjenne på økonomisk dei neste 2 åra. Likevel me skal få til eit fagleg pedagogisk godt tilbod, der me tenker kreativt på tvers av fag og nivå – spesielt i programfaga, men også i språkfaga.

Søkjartal VG1 DH syner berre 8 prim. eigne, som kan vere eit spinkelt grunnlag, men der har me informasjon frå utdanningsmessig og elevhospitering, at det er 4 – 5 elevar frå Sauda / Ryfylke, som er svært interesserte. – Dei 6 prim. andre kan faktisk vere reelle søkjarar!

Søkjartal VG2 DH kan kanskje også vere marginalt, men utifrå søknad frå eigen VG1-klasse har me stor tru på, at desse likevel er reelle søkjarar.

Søkjartal til Påbygg til generell studiekompetanse 30 og 23. Utifrå undersøking – eigne yrkesfaglege elevar og elevar frå Etne på yrkesfag i Ølen, har me tru på, at elevtalet kan nå opp mot 25 elevar. Skulen kan ha plass til 22 elevar, men me veit, det kan vere nokre elevar spesielt på påbygg 23, som fell frå før 3. inntak.

Til alle tala og refleksjonane over, er det likevel hefta vesentlege usikre moment grunna fritt skuleval mellom HFK og RFK. Ungdomar frå dei 2 fylkja søker på 2 skjema. Ungdomar frå Vindafjord kan ha søknad på høgare prioritet i RFK. Ungdomar frå Etne kan ha søkt utdanningsprogram ved skular i RFK i tillegg til, at dei kan ha søkt private skular. Dette gjeld eigentleg alle tilboda ved ETV. Å analysere prognosetala meir enn gjort ovan for er diverre ikkje mogleg.

Merknad til fysiske rammer:

Skulen i Skakke framstår framleis som heilt ny (2012). Drift av skulen fram til 2022 er formulert i egne avtalar med Kulturhuset s/a og Etne kommune. Me vil med eksisterande prognose og 3 nivå på idrettsfag angiveleg få bruk for minst 1 stort klasserom i tillegg til dei me har. Dette er noko eg alt har tatt opp med regionsleiar, eigedomssjef og eg skal snarast ha samtale med Birthe Andersen Haugen om, korleis me kan løyse dette. Kulturhuset har framleis fasilitetar me kan leige☺

På Tesdal framstår dei fysiske rammene som flotte velutrusta og veltilpassa undervisnings lokalitetar, gode arbeidsplassar for elevar og tilsette. Avhengig av elevtal kan det vere nødvendig å gjere mindre endringar, som eg også vil samtale med Birthe Andersen Haugen om.

Merknad til utstyr:

Skulen vår er framleis ny og i tillegg til opprusting på Tesdal, medfører dette, at Etne vidaregåande skule også har utstyr og undervisningsmateriell som stetter undervisninga optimalt. Både den digitale opprustinga, utstyr og undervisningsmateriell held høy standard i alle utdanningsprogram.

Merknad til økonomi – førebels vurdering- samanslåing/innsparing

Skulen har framleis eit vesentleg disposisjonsfond, som kan stette ekstraordinære behov både i høve stillingar og utstyr. Det er likevel klart at avtale med Opplæringsavdeling om utviding av tal på elevar må følgjes opp, då skulen framleis vil ha underskot i nokre utdanningsprogram.

Oversikt over førebels prioritering skuleåret 2016-2017

Grupper/klasser skuleåret 2016 -2017:	7 ½ klassar
DH : 1 klasse VG1 1 og 1 klasse VG2	
IDR; 1 klasse VG1, 1 klasse VG2 og ½ klasse VG3	
TIP: 1 klasse VG1 og VG2 2x ½ klasse (AMK og KJ);	
Påbygg VG3 ½ klasse Påbygg 30 og ½ klasse: Påbygg 23	

Konklusjon:

Prognoseinntaket syner auke søkjartal til ETV. Det kan vidare sjå ut som om det frie skulevalet også dette året kan ha sikra ETV ein større søkjarmasse frå RFK. Likevel medfører fritt skuleval angiveleg større grad av usikre moment til endeleg søkjartal. Dobbelsøknad vert kontrollert i samarbeid med inntaksleiarar i begge fylkja.

Etne, 04.04. 2016

Marion Kallevik

Rektor